

# Notat

Går til: Styremedlemmer  
Selskap: Helse Vest RHF  
Dato skreven: 25.08.2005  
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen  
Sakshandsamar: Ivar Eriksen  
Saka gjeld: **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 06.06.05 – 24.08.05**

**Styresak 72/05 O**  
**Administrerende direktør si orientering pkt. 11**

**Styremøte 06.09. 2005**

## Bakgrunn

Del 1 i oversikten gjeld saker der det statlege tilsyns-, kontroll- eller klageorgan har vendt seg direkte til Helse Vest RHF.

Oversikten inneheld

- nye saker tilsendt i perioden 06.06.05 – 24.08.05
- eldre saker dersom desse ikkje var avslutta ved sist rapportering

I del 2 er det tatt inn konkrete tilsyns-, kontroll- og klagesaker som gjeld helseføretaka i regionen.

## Del 1

| Tilsynsmyndigheit                    | Dato for brev                                                   | Kva saka gjeld                                                                        | Kommentarar/status                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
|--------------------------------------|-----------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Riksrevisjonen</b> <sup>(1)</sup> | Det er ikkje motteke nokre saker frå Riksrevisjonen i perioden. |                                                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |
|                                      |                                                                 |                                                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| <b>Statens helsetilsyn</b>           | Mars 05                                                         | Overbelegg ved Sandviken sjukehus. Pålegg om å rette forholda ved Sandviken sjukehus. | Statens Helsetilsyn har i brev av 13. april 2005 tatt til etterretning de tiltak som Helse Vest har gjort greie for i brev av 29. mars 2005. Helsetilsynet vil avvente korleis tiltaka vil betre situasjonen. Helse Vest skal holde Helsetilsynet i Hordaland orientert om vidare utvikling i saka og gjøre greie for dei tiltak som finn stad for å |

|                                   |                                                                  |                                                                                                |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
|-----------------------------------|------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                   |                                                                  |                                                                                                | <p>betre på forholda. Det blir jamleg innhenta rapportering frå Helse Bergen på situasjonen når det gjeld overbelegg og framdrift knytt til tiltak. Samla rapportering av status på overbelegg og framdrift i planlagde tiltak, er sendt Helsetilsynet 29.06.05 og 19.08.05. Rapporteringa for mai viser at overbelegget framleis er høgt, medan tal for juni og juli syner ei nedgang. Det er førebels ikkje trekt konklusjonar av dette på grunn av at sesongvariasjonar kan ha spela inn. Av saksførelegg til styremøte i Helse Bergen 01.09.05 går det fram at det mellom anna blir opna to nye sengepostar med full drift frå 07.09.05 og 01.10.05. Det vil bli lagt fram eigen sak for styret når hovudtiltaka er satt i verk.</p> |
|                                   | 16.06.05                                                         | Tilsyn ved rehabiliteringsklinikken, seksjon Lassa, Helse Stavanger (sjå nedanfor under del 2) | <p>Heletilsynet i Rogaland har med bakgrunn i tilsynet tatt opp einiskilde forhold som gjeld prioriteringskriteria for rehabiliteringstenesta og bruken av desse når det gjeld inntak av pasientar frå Helse Stavanger og Helse Fonna sine områder. Det blir bedt om Helse Vest sin avklaring i forhold til desse forholda. Det er ikkje sett frist for tilbakemeldinga. Helse Vest har i brev av 01.07.05 bedt Helse Stavanger om deira kommentarar.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                |
| <b>Arbeidstilsynet</b>            | Det er ikkje motteke nokre saker frå Arbeidstilsynet i perioden. |                                                                                                |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| <b>Datatilsynet</b>               | Det er ikkje motteke nokre saker frå Datatilsynet i perioden.    |                                                                                                |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| <b>Klagenemnda for offentlige</b> | 21.06.05                                                         | Capio Diagnostikk deltok i konkurranse med forhandlingar                                       | I avgjerd av 15. august 2005 konkluderar nemnda med at                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |

|                                                                |                                                                               |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
|----------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>anskaffingar</b>                                            |                                                                               | om levering av røntgentenester kor Helse Vest tildelte kontrakt til Sentrum Røntgeninstitut. Tildelinga blei påklaga. Grunnlaget for klagen er at Capio meiner at Helse Vest ikkje har tildelt kontrakt til det økonomisk mest fordelaktige tilbod, at det ligg føre manglande forutberegnelighet, brot på kravet til likebehandling og brot på kravet til god anbodskikk. | Helse Vest ikkje har brote regelverket for offentlege innkjøp. Kontrakt er no inngått med Sentrum Røntgeninstitut.                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |
|                                                                | 02.08.05                                                                      | Gynlab deltok i konkurranse med forhandlingar om levering av laboratorietenester innanfor fagområdet patologi. Helse Vest tildelte kontrakt til Laboratorium for Patologi. Tildelinga blei påklaga. I klagen blir det påpeikt at det ligg føre brot på grunnleggjande krav i regelverket som må lede til at Helse Vest må annullere tildelingsavgjerda.                    | I avgjerd av 22. august 2005 konkluderar nemnda med at Helse Vest har brote regelverket ved ikkje å likebehandla tilbydarane under forhandlingane ved at det er gitt ulik rettleiing med omsyn til å gi reviderte tilbod. Ved brev frå Helse Vest av 24. august 2005 er deltakarane i konkurransen gitt frist til 30.08.05 for å gi nye tilbod. Med bakgrunn i dei reviderte tilboda vil det finne stad ei ny evaluering. |
| <b>Sivilombudsmannen</b>                                       | Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.            |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
| <b>Dispensasjons- og klagenemnda for behandling i utlandet</b> | Det er ikkje motteke nokre saker frå Disposasjons- og klagenemnda i perioden. |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |

## Del 2

| <b>Tilsynsmyndigheit</b>             | <b>Dato for brev</b>                          | <b>Kva saka gjeld</b>                                                                                                                                                                                                  | <b>Kommentarar/status</b>                                                                                                                                                               |
|--------------------------------------|-----------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Riksrevisjonen <sup>(1)</sup></b> | Det er ikkje registrert nye saker i perioden. |                                                                                                                                                                                                                        |                                                                                                                                                                                         |
| <b>Statens helsetilsyn</b>           | 25.05.05                                      | Oversending av rapport frå tilsyn med gastrokirurgiske pasientar ved Haukeland Universitetssjukehus. Ved tilsynet blei det påpeikt eit avvik: Det blir ikkje utpekt pasientansvarleg lege ved gastrokirurgisk seksjon. | Helse Bergen har gitt tilbagemelding ved brev av 7. juli 2005 og ved brev av 14. juli 2005 legg Helsetilsynet til grunn at gjennomføring av dei tiltak som er omtala, er tilstrekkelege |

|  |          |                                                                                                                                                                                                                                                                                      |                                                                                                                                          |
|--|----------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|  |          | Føretaket er gitt ein frist til 1. august 2005 for å gi tilbakemelding om kva tiltak som blir sette i verk for å rette avviket.                                                                                                                                                      | til å lukke avviket. Tilsynet er med det avslutta.                                                                                       |
|  | 06.06.05 | Oversending av rapport frå tilsyn med gastrokirurgiske pasientar ved Stavanger Universitetssjukehus. Ved tilsynet blei det påpeikt eit avvik: Ordninga med pasientansvarleg lege er berre delvis satt i verk ved post 6H.                                                            | Føretaket er gitt ein frist til 19. august 2005 for å gi tilbakemelding om kva tiltak som blir sette i verk for å rette avviket.         |
|  | 08.06.05 | Oversending av rapport frå tilsyn med gastrokirurgisk avdeling ved Haugesund sjukehus. Ved tilsynet blei det ikkje påpeikt avvik frå gjeldande regelverk.                                                                                                                            |                                                                                                                                          |
|  | 16.06.05 | Oversending av rapport frå tilsyn med pasientrettar ved rehabiliteringsklinikken, seksjon Lassa, Helse Stavanger. Ved tilsynet blei det påpeikt eit avvik: Pasientar som har fått vurdering, blir ikkje alltid informerte om dei har fått rett til nødvendig helsehjelp eller ikkje. | Føretaket er gitt ein frist til 15. august 2005 for å gi tilbakemelding om kva tiltak som blir sette i verk for å rette avviket.         |
|  | 16.06.05 | Oversending av rapport frå tilsyn med poliklinikk for vaksne, Vaksenpsykiatrisk senter, Betanien DPS. Ved tilsynet blei det påpeikt eit avvik: Standardbrev til pasient og lege om resultat av vurdering er ikkje i samsvar med krav til informasjon om klagerettar.                 | Betanien er gitt ein frist til 20. august 2005 for å gi tilbakemelding om kva tiltak som blir sette i verk for å rette avviket.          |
|  | 24.06.05 | Oversending av rapport frå tilsyn med Vaksenpsykiatrisk poliklinikk Nordhordaland, Bjørgvin DPS. Ved tilsynet blei det ikkje påpeikt avvik.                                                                                                                                          |                                                                                                                                          |
|  | 22.07.05 | Oversending av rapport frå tilsyn med pasientrettar, Urologisk poliklinikk, SUS. Ved tilsynet blei det påpeikt to avvik: Både avvik gjeld pasientinformasjon.                                                                                                                        | Føretaket er gitt ein frist til utgangen av august 2005 for å gi tilbakemelding om kva tiltak som blir sette i verk for å rette avviket. |
|  | 04.08.05 | Planer om helsemessig og                                                                                                                                                                                                                                                             | Med bakgrunn i brev frå                                                                                                                  |

|                                                |                                                               |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |                                                                                                                                                                         |
|------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                                |                                                               | sosial beredskap. Helsetilsynet vurderer å gi Helse Fonna pålegg dersom føretaket ikkje har utarbeidd planer for helsemessig og sosial beredskap innan 1. oktober 2005.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         | Helse Fonna motteke av Statens Helsetilsyn 8. august 2005, har Helsetilsynet ved brev av 11. august 2005 sagt at grunnlaget for å gi pålegg ikkje lengre er til stades. |
|                                                | 04.08.05                                                      | Planer om helsemessig og sosial beredskap. Helsetilsynet vurderer å gi Helse Førde pålegg dersom føretaket ikkje har utarbeidd planer for helsemessig og sosial beredskap innan 1. oktober 2005.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |                                                                                                                                                                         |
|                                                |                                                               |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |                                                                                                                                                                         |
| <b>Arbeidstilsynet</b>                         | 06.07.05                                                      | Tilsynsrapport – varsel om pålegg. Avdeling for kreftbehandling og medisinsk fysikk, sengepost, Helse Bergen. Tilsynet er gjennomført som ledd i Arbeidstilsynet sin kampanje "God vakt". Tilbakemelding frå heile Avdeling for kreftbehandling og medisinsk fysikk vil gå inn i den samla rapport for heile Helse Bergen hausten 2005. Arbeidstilsynet finn det likevel riktig å varsle pålegg no fordi det framkom informasjon om særlege vanskar i arbeidsmiljøet på denne eininga. Vanskane er knytt til dei fysiske arbeidsmiljøfaktorane. |                                                                                                                                                                         |
|                                                |                                                               |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |                                                                                                                                                                         |
| <b>Datatilsynet</b>                            | Det er ikkje motteke nokre saker frå Datatilsynet i perioden. |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |                                                                                                                                                                         |
|                                                |                                                               |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |                                                                                                                                                                         |
| <b>Klagenemnda for offentlige anskaffingar</b> | 22.02.05                                                      | Helse Bergen. Klager: Sogn og Fjordane Taxi AS. Klager deltok i ein open anbodskonkurranse for sjuketransport. Det er påpeikt i klagen at det ikkje er gitt korrekt grunngjeving, og at det ikkje er gitt tilstrekkeleg innsyn.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 | Avgjerd føreligg ikkje.                                                                                                                                                 |
|                                                | 09.05.05                                                      | Helse Stavanger. Klager: MT Vest AS. Saka gjeld konkurranse med                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 | Avgjerd føreligg ikkje.                                                                                                                                                 |

|                          |                                                                    |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |                         |
|--------------------------|--------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------|
|                          |                                                                    | forhandling om kjøp av frikjøleprosjekt. Klagen gjeld spørsmål om sakleg grunn til avlysing av konkurranse, spørsmål om det er gjennomført reelle forhandlingar, spørsmål om ein utan har gjort ein konkurranseavgrensande samankopling av ytingar.                                                              |                         |
|                          | 19.05.05                                                           | Helse Bergen.<br>Klager ISS Norge AS. Saka gjeld konkurranse vedrørende driftsoperatørtjenester ved Haukeland Pasienthotell. Klager hevder at prisen er evaluert på eit uriktig grunnlag, at kravet til etterprøvbarehet ikkje er etterlevd, og at grunngjevinga for val av tilbod ikkje har vore tilstrekkeleg. | Avgjerd føreligg ikkje. |
|                          | 01.08.05                                                           | Helse Bergen.<br>Klager: Techno System AS. Saka gjeld konkurranse vedrørende kjøp av respiratorar. Klager hevder at ein ved evalueringa har handla i strid med kravet til forutberegnelighet.                                                                                                                    | Avgjerd føreligg ikkje. |
|                          |                                                                    |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |                         |
| <b>Sivilombudsmannen</b> | Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden. |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |                         |

